Medverknadsmøte – oppsummering etter møte med ungdomsrådet i Stranda kommune 6.6.19.

Møtet var på rådhuset i Stranda. I tillegg til representantar for ungdomsrådet deltok planleggjar Andreas Standal Eikrem, einingsleiar Marianne Bakke Omenås og rådgjevar Marit Elisabet Larssen.

Samtalen med ungdomsrådet hadde som føremål og få fram:

- Kvar dei møtest utandørs i fritida si (favorittstad/samlingspunkt, aktivitetar)
- Kvar kan de ferdast fritt utan omsyn til bilar og annan trafikk
- Er det stader der de ønskjer at det ikkje kjem hus, hytte, industri, veg, hotell.
- Snarvegar mellom heim og uteområda

Innspel og kommentarar som kom i møtet:

Ungdomsrådet peiker på at gang- og sykkelvegar, samt snarvegar må få prioritet i planleggjinga.

Det vert nemnd som døme:

- sti til Barlia
- rett plassering av stiløp får barna vekk frå Meieribakken som vert sett som utrygg å ferdast i

Helsemvika, badeplass er viktig for Stranda tettstad – populær er også badeplassen i Hellesylt.
Åsenes og Kurlå (Hellesylt) vert nemnde som stader å møtast og som ein ønskjer vert ivaretatt som friområde.